



Vest-Telemark

Referat

Stad: Næringsshagen i Fyresdal

Tid: 27. april kl 09.00-13.00, med lunsj kl 11:30

Tilstades:

Hovudtillitsvald: Vigdis Øverland, Seljord, Ingrid Felli Sandåker, Nissedal, Anne Vadder Midtbø, Tokke, Liv Sigrunn Årlid, Vinje

Hovudverneombod: Svein Ekre, Vinje, Gunn Siri H. Vindal, Tokke, Sigbjørn Tvitekkja, Seljord, Torbjørg Johansen, Nissedal, Kristi Skare, Kviteseid

Vest-Telemarkrådet / prosjektadminstrasjon: Ole Dalen.

Forfall:

Gro Heidi Vestgarden, Kviteseid, Rita Metveit, Fyresdal, Gunn Marit Aslestad (nytt HVO i Fyresdal).

Agenda:

1. Runde rundt bordet – prosessen i kommunane
2. Rapportane
3. Innspel til den vidare prosessen

Sak 1 - Runde rundt bordet – prosessen i kommunane

Innspel frå HVO og HTV til arbeidet før det starta i arbeidsgruppene:

HVO: Prioritere og spisse arbeidet. Utnytte dei personressursane vi har.

HTV: info om prosjektet i faste møte i Vest-Telemark. Kan melde tilbake til styringsgruppa frå dei tilsette.

Planlagt generell innvolving/kontakt med dei tilsette:

Rådmennene/kommunane: informasjon i kontaktmøta.

Konklusjon:

Vernetenesta og tillitsvalde ser på viktigheten av innvolving av prosessen.

Innvolveringa og prosessen har vore ryddig.

Sak 2 - Rapportane

IKT:

- På sikt, bør alle ha likt system og at desse ”snakkar saman”.

Konklusjon: HVO/HTV stør rapporten, og ser det som teneleg at alle kommunane tiltrer i samarbeidet på sikt. Ein peiker på vertskommunemodellen med hovudkommune (sjå sak 3).

Økonomi:

- Dei tilsette melder at ein ser seg tent med meir forplikta samarbeid ved sjukdom, opplæring av nye m.m.

Konklusjon: HVO/HTV stør arbeidsgruppas innstilling til rapporten. Ein peiker på vertskommunemodellen med hovudkommune (sjå sak 3).

Lanbruk:

Konklusjon: HVO/HTV stør arbeidsgruppas innstilling til rapporten. Ein peiker på vertskommunemodellen med hovudkommune (sjå sak 3).

Næring – Reiseliv:

Konklusjon: HVO/HTV stør arbeidsgruppas innstilling til rapporten.

Kompetansebygging – konsesjonskraft:

- Det er store midlar knytt til denne kompetansa, og denne er viktig. Det er sårbart med nye tilsette og kompetanseoverføring.
- Dette er eit viktig fokusområde for dei tilsette, og for framtida for kommunens verksemd.

Konklusjon: HVO/HTV stør arbeidsgruppas innstilling til rapporten.

Sak 3 - Innspel til den vidare prosessen

Organisering av framtidig samarbeid:

Diskusjon om korleis ein best kan organisere samarbeid i Vest-Telemark.

Vertskommune-modell er organisasjonsformen HVO/HTV ser er mest teneleg, og gjev nærhet til kommunane på ein god måte. Her skal dei tillitsvalde også være representert.

- Det er viktig for dei tillitsvalde at dei er med i prosessen fram til beslutning om organisering blir tatt, og vidare i prosessen når samarbeida er beslutta.
- Kostnaden med etableringa av vertskommune er også teneleg (kostnadseffektiv) i forhold til etablering og drift.

- Det er ikkje teneleg med samarbeid med politisk vald styre, då samspelet med resten av kommuneorganisasjonane vert ulike med øvrig organisering og styring.

Konklusjon:

Dei tillitsvalde er samla om at rett organisering for kommunane er vertskommunemodell med hovudkommune (Kommunelova §28-1b). Dette gjeld alle dei framtidige samarbeida.

Er dei tilsette del av kommunen i ei ny organisering?

Vertskommune vil ivareta dei tilsette som tidlegare, men det er då ein av kommunane som har leiaransvaret. Dei tilsette kan fortsatt sitte ute i kommunane, og eventuelt nye tilsette kan tilsettast i vertskommunen med lokalisering der det er teneleg.

Tvangsflytting

Det er viktig å presisere at ingen tilsette må flyttast ved tvang, og eventuelle endringer må være frivillig flytting, eller ved nytilsetting i vertskommunen.

Oppseiingar

HVO/HTV legg til grunn at ingen vert oppsagt som direkte fylgje av nye samarbeid slik det er peika på i prosessen.

Vidare prosess – representasjon

HVO/HTV frå kommunane i alle kommunane må være med i den vidare prosessen frå beslutning om eit nytt samarbeid er tatt – og i prosessen med impementeringa etter dette. Dette er også avtalt i hovudavtale for dei tilsette og arbeidsmilølova.

Ref.:

Ole Dalen